



Referat

Områdeutval for Voss lokalsjukehusområde

Dato og tid:	29. januar 2026 kl. 1000 - 1300
Møtestad:	Møterom Timaglasat, Voss sjukehus
Møteleiar:	Torstein Hellesnes
Til stades:	Torstein Hellesnes (Ulvik herad) Birger Lærum (Voss sjukehus) Terje Langeland (Kvam herad) Karin Flatabø Thrane (Eidfjord kommune) Kjersti Nordanger (Voss herad) Grete Lill Hjartnes (Helse Bergen) Randi-Luise Møgster (Helse Bergen) Anne-Jorunn Langeland vara for Maria Vollsæter (Helse Bergen) Vegard Kolve (Bjørkeli DPS) Brita Træbakken (brukarrepresentant kommune) Eldfrid Nerland Haukenes (fastlege) Eystein Hauge (kommuneoverlege) Britt Heidi Tefre (Unio) Line Lie (Fagforbundet) Reidun Braut Kjosås (SSE kommunerepresentant) Trude Hjortland (SSE føretaksrepresentant)
Fråfall:	Solrun Hauglum (Vaksdal kommune) Lene Nilsen (brukarrepresentant føretak) Maria Vollsæter (Helse Bergen)
Referent:	SSE

Nr.	Saksliste	Saks-type (Vedtak Drøfting Orientering)
01/26	Godkjenning av innkalling og saksliste Det var ingen merknader til innkalling og saksliste Vedtak: Innkalling og saksliste godkjent	V
02/26	Godkjenning av referat frå møte 14. november 2025 Det var ingen merknader til referatet	V

	Vedtak: Referatet frå møte 4, 14.november vart godkjent	
03/26	Orientering frå møte i Strategisk samarbeidsutval (SSU) 10.desember 2025 SSE orienterte frå SSU møtet og ga ein status for handlingsplanen. Oppdatert handlingsplan ligg på saman.no . Spørsmål/merknader til referat frå SSU - Det var innspel omkring sak 44/25 om NAV Vestland og deltaking i helsefellesskapet. NAVstat og helsefellesskapet har viktige felles utfordringar og tema knytt til arbeid og helse. I møtet vart det påpeika at eventuell deltaking i helsefellesskapet må vere ryddig og med god rolleavklaring. Kommunane har allereie eit partnerskap med Nav, på same måte som dei har eit partnerskap med helseføretaket i helsefellesskapet. Representasjon frå eitt partnerskap inn i eitt anna kan skape uklarheit kring roller og mandat, det er derfor viktig at dette blir teke omsyn til i vurderinga og organiseringa av eventuell deltaking. Konklusjon: OU Voss tek gjennomgangen av referat og handlingsplanen til orientering	O/D
04/26	Korleis skal helsefellesskapet planlegge for å handtere krig? Ny særavtale og oppmelding av representantar til vidare arbeid Kristine Lillebø, assisterande kommuneoverlege i Bergen kommune orienterte om saka (sjå vedlagt presentasjon). <i>Innspel og spørsmål som kom fram i møtet:</i> - Mykje godt arbeid som er gjort - Det er mange ulike arbeidsgrupper som jobbar med dette temaet. Dette er eit forsøk på eit felles samarbeid innan feltet. - Burde ein jobba meir med felles IKT reserver og felles IKT løysingar i eit tenkt scenario som denne saka representerer? - Dersom sjukehus blir ramma/er eit mål – kva gjer ein då? - Å jobbe med denne saka i fredstid er viktig - Det ble også stilt spørsmål ved fastlegane si rolle i dette arbeidet. Fastlegane står litt mellom kommunane og føretaket. Vedtak: 1) Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde tek presentasjon av utkast til ny særavtale til orientering og stillar seg bak føreslått oppfølging av vedtak i SSU. 2) Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde ber partane melde inn representantar til ei arbeidsgruppe som skal arbeide med kompetanseløft knytt til oppgåvedeling og oppgåveoverføring, og som får i oppdrag å utarbeide ein plan for kompetanseheving i fredstid i tråd med særavtalen punkt 2.3. Arbeidet skal starte parallelt med vidare prosess knytt til særavtalen. Frist for innmelding av representant er sett til 15. februar 2026. Representantar frå eksisterande arbeidsgruppe vil i samarbeid med SSE kalle inn til første møte.	O/V
05/26	Opplæring og implementering av ny tenesteavtale 3 og 5 Grete Lill Hjartnes orienterte om saka	O/D/V

	<i>Innspel og spørsmål som kom fram i møtet:</i> - Avtalearbeidet pågår og opplæring og implementering vil tidlegast vera aktuelt hausten 2026. - Det er ein verdi å møtast på tvers av føretak og kommunar og kanskje særleg fordi det potensielt er store endringar i avtalen - Det kom innspel om at e-læringskurs, webinar og streaming av eit felles møte kan alle vera nyttige og viktige verktøy - Kommunane peiker på at opptak av seminar, webinar og liknande kan bidra til at fleire får god innføring og informasjon om ny avtale 3 og 5. - Kommunane er ulikt organisert. Det vil derfor og vera ulikt kor mange dei vil kunne senda på felles seminar. - Avstandar vil og vera ein faktor knytt til kor mange ein kan senda på eit felles seminar Vedtak: Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde støttar forslaget om å arrangere eit samhandlingsseminar i høve den nye avtalen, og har følgjande innspel/kommentarar: - Det er ønskje om eit felles seminar for opplæring og implementering av ny tenestevtale 3 og 5. - o Fint om fellesseminar også kan streamast og gjerast tilgjengeleg i opptak i etterkant. - Kommunane ønskjer også at det vert utvikla e-læringskurs og webinar som kan nyttast for opplæring og implementering av ny avtale 3 og 5	
06/26	Ønskje om å etablere eit FSU for svangerskap, fødsel og barseltid SSE orienterte kort om bakgrunnen for saka <i>Innspel og spørsmål som kom fram i møtet:</i> - OU Voss jobbar allereie med denne målgruppa gjennom prosjekt X - Prosjekt X har korte fristar og det kan vera aktuelt for oss å delta og samkøyra dei erfaringane me gjer oss no i eit felles FSU etter kvart - For dette område er det kanskje litt tidleg å gå inn i eit FSU? - Kanskje det er mogleg å få til ein gradvis oppstart? Konklusjon OU Voss støttar at det kan bli oppretta eit FSU for svangerskap, fødsel og barseltid, men at kommunane i dette lokalsjukehusområde er litt avventande no i starten då mykje ressursar går til arbeid med Prosjekt X.	O/D
07/26	Status for arbeidet med Prosjekt X Birger Lærum, leiar for styringsgruppa orienterte (sjå vedlagt presentasjon). Arbeidet er godt i gang. Kjekt arbeid og mange som ønsker orientering om prosjektet. Opplever også at prosjektet har ei ny styringslinje. I møtet kom det fram at dei andre OUa ønskjer ei orientering om Prosjekt X. Dette vert mogleg felles sak i OU-runden i mai. Konklusjon: OU Voss tek gjennomgangen til orientering	O
08/26	Mogleg felles samhandlingsprosjekt om lege-lege samarbeidet Skal ein vurdere å søke samhandlingstilskot ilag? Grete Lill Hjartnes orienterte om saka (sjå vedlagt presentasjon)	D

	<i>Innspel og spørsmål som kom fram i møtet:</i> - Aktuelle tema; kommunikasjonsmetodar (lege – lege), henvisingsråd (Kloke val), avvikssystem for fastlege – sjukehuslege - Ressursknappheit i kommunane – kva tenker ein at kommunane skal bidra med? - o Ikkje noko stor prosjekt men det vil kanskje vera behov for frikjøp av legar i noko grad? Konklusjon: Melder saken til MFU og ber dei sjå nærmare på om det er interesse for eit fellesprosjekt innan dei rammer som er skissert med omsyn til tematikk og målgruppe	
09/26	Referat frå underutvala Referat frå underutvala sine møter (møtedato i parentes). Kommenterar/merknader frå områdeutvalet står i underpunktta - Rus og psykisk helse (20.11.2025) - Rehabilitering (12.11.25) - Pleie og omsorg (06.01.26) - o Spørsmål knytt til sak 4 om implementering og opplæring i bruk av CFS. Det var semje om å sende spørsmål til USHT om det var mogleg å gjera dette på andre måtar (tidsbruk, fastlege deltaking, dekking av kostnader ved fastlege deltaking mv).	
10/26	Orientering om Nasjonalt kompetansesenter for helsetjenestens kommunikasjonsberedskap (KoKom) Guttorm Brattebø, leiar ved KoKom orienterte om saka (sjå vedlagt presentasjon) <i>Innspel og spørsmål som kom fram i møtet:</i> - Legevaktssentralane i vårt lokalsjukehusområde er godt kjent med innhaldet i kurstilbodet til KoKom og har planar saman med dei andre legevaktene i Helsefelleskapsområdet for å vidareføra felles opplæring basert på KoKom sine kursmalar. AMK har ikkje vore med på felles opplæring, det er synd. - Legevakta melder også om at det er fint med undervisningsmateriell, webinar, e-kurs og anna fagleg materiell - Helse Bergen melder at dette er eit viktig arbeid, og at AMK har betre kapasitet til å bidra når ny IKT-løysing er på plass sommaren 2026. Konklusjon: OU Voss tek gjennomgangen til orientering	
11/26	Organisering av frivillige ved Haraldsplass diakonal sykehus og Haukeland Universitetssykehus Therese Grieg frå Haraldsplass diakonale sykehus presenterte saka (sjå vedlagt presentasjon). Konklusjon: OU Voss takkar for ei fin orientering.	
12/26	Årsmelding 2025, rekneskap for 2025 og budsjett for 2026 SSE orienterte om saka <i>Rekneskap 2025:</i> - Ingen merknader	

	<i>Budsjett 2026:</i> - Ingen merknader <i>Årsmelding 2025:</i> Innspel til justeringar i årsmeldinga: - Tittel til representanten frå Eidfjord - Under partane vert Helse Bergen endra til spesialisthelsetenesta - I styringsgruppa for PLL er Anita Sævelid frå Vaksdal kommunal representant for OU Voss. Eldfrid Nerland Haukenes er fastlegerepresentant i denne gruppa. Oppdatert årsmelding ligg ved referatet. Vedtak Rekneskap 2025, budsjett 2026 og årsmelding 2025 med oppdatering av nemnte merknader vart vedteke.	
13/26	Orientering frå representantane Kort informasjon frå partane (ca. 2 min) om saker som kan vera av betydning for samhandlinga i regionen (til dømes etablering av nye tilbod, eller utfordringar knytt til økonomi og/eller bemanning). Helse Bergen - Sjå eige saksgrunnlag (sendt ut saman med sakslista) - Vaksdal vil få tilbod om mobilt røntgen ved sjukeheimen. Dei andre kommunane i lokalsjukehus området ligg for langt vekke frå Haukeland og får førebels ikkje dette tilbodet. - FACT – arbeidsgruppe har ferdigstilt sin fagrapport. Denne blir straks sendt ut, og arbeidsgruppa oppmodar om å gje innspel. I rapporten er det ei tilråding om oppretting av FACT satsing i helsefellesskapsområdet. - Regionalt senter for kjønnsinkongruens har gode nettsider med nyttig informasjon. Senteret har tilbod for aldersgruppa 0-18 år. Brukarrepresentant - Tok opp ei generell bekymring knytt til at fleire «skal bu heime lenger» og at det på same tid blir fleire digitale løysingar. For mange er dette positivt, men for nokre er dette med digitalisering vanskeleg. Døme er: ○ Bestilling av pasientreiser. Helse Bergen ved seksjon samhandling vil melda dette tilbake til pasientreiser. ○ Bruk av Helsenorge (timebestilling, prøvesvar mv), men også korleis nytta Helsenorge på vegne av andre. Her kan ein lesa meir om Bruk av Helsenorge på vegne av andre Voss herad - Krevjande økonomisk situasjon. Dett er bakteppe for at det no vert gjennomført ein ekstern organisasjonsgjennomgang. Rapporten frå dette arbeidet blir levert i april. Målsettinga er å få innspel til korleis drive kommunen best og mest effektivt i åra som kjem. Det vert truleg sett nærmare på stordriftsfordelar (td. samanslåing av sjukeheimar). - Politikarane ønskjer i tillegg til rapporten over ein heilskapleg gjennomgang av legetenesta Kvam herad - Krevjande økonomisk situasjon	

	- Har vedteke innsparingsprogram mellom anna på bakgrunn av KS-rapport som vart levert i haust. - Har diskusjonar omkring sentralisering av tenestetilbod - Rekruttering av enkelte faggrupper er vanskeleg - Kvam har valt å tilby nye fastlegar val om fastlønn eller næringsdrift. Fastlegerepresentant - Pasientens prøvesvar er under utprøving. Pasientens prøvesvar blir sendt ut på dagtid i tidsrommet 09-14. - Alle private legekontor får nå informasjon om dette. - Her kan du lese meir om Pasientens prøvesvar Bjørkeli DPS - Er godt i gang med implementering av IPS - Deltak i nettverket for FACT og stiller seg bak innhaldet i fagrapporten. Eidfjord kommune: - Er i gang med omstrukturering innan helse og omsorg - Manglar helsefagarbeidarar - Har etablert vertskommunesamarbeid om kommuneoverlege samen med Ulvik - Har lyst ut fastlegestilling (fastlønn) Voss sjukehus - Har ein krevjande økonomisk situasjon (minus 30 millionar i 2025). - Det er og har tidvis vore vanskeleg å oppretthalda aktiviteten på grunn av mangel på kompetanse innanfor fleire fagfelt. Ulike tilretteleggingar gjer at det no ser lysare ut for våren. Ulvik herad - Har innsparingskrav på 10 millionar - Jobbar med å få meir robuste fagmiljø – til dømes finne og nytte smådriftsfordelane - Husbanken har godkjent planen om reduksjon i tal sjukeheims plassar og auke i tal heildøgns omsorg+ - Har etablert vertskommunesamarbeid om kommuneoverlege samen med Eidfjord - Ønskjer å utvikle samarbeid omkring daglegevakt med Eidfjord kommune - Uavklart med omsyn til ØHD	
14/26	Søknad om støtte til emnekurs for leger i sjukehus og kommunar Eldfrid Nerland Haukenes orienterte om saka (sjå vedlagt presentasjon) Viktig møtearena for legar i lokalsjukehusområdet, som OU ønskjer å støtte. Vedtak: Voss lokalsjukehusområde løyver i tråd med søknaden kr 72 800,- til emnekurs i kirurgi for legar i sjukehus og kommunar	

Neste møte: måndag 11.mai (kalenderinnkalling er sendt i Outlook). Sakliste og tilhøyrande saksgrunnlag kjem ei veke før møtet.